

NOTAT TIL PLANFORUM 30. OKTOBER 2018

I samband med oppstart av planstrategiarbeidet i 2016 fatta Sveio kommune vedtak om at planprogrammet for kommuneplanen skulle inngå som ein del av planstrategien. Dette dokumentet, *Planstrategi for Sveio kommune 2016-2019 med planprogram for kommuneplanen 2019-2031*, vil vera kommunen sitt grunnlagsdokument for kommuneplanarbeidet. Det er òg kommunen sitt hovudsaklege bidrag som grunnlag for dialog i planforum.

Dokumentet tek føre seg kommunen som organisasjon og den sei noko om status i kommunen og i forvaltninga. Det er delt i tre delar, bakgrunnsinformasjon, planstrategien og planprogrammet. Planstrategien viser utfordringar og behov for kvar enkelt sektor og den viser ikkje minst kva strategiske val (jf. s. 54) som kommunen skal ha som bakgrunn for det vidare utviklingsarbeidet. Planprogrammet viser dei prioriterte hovudtema (basert på dei strategiska vala i planstrategien, jf. s. 61) som kommunen skal arbeida med, og tek føre seg nokre konkrete arealføremål.

Kommunen har i samband med planarbeidet starta opp ein omfattande medverknadsprosess der det allereie er gjennomført folkemøte i kvar skulekrins og der skuleklassar frå alle skulane har delteke i barnetråkkregistrering. Resultata frå folkemøta er enno ikkje samla i ein rapport. Vidare medverknad skjer i samband med direktemøte med ulike interessegrupper. Alle einingar i kommunen har fått høve til å uttala seg om visjonen til kommunen og dei har kome med sine tankar om kva visjonen står for. Formannskapet som er politisk styringsgruppe har fått høve til å koma med sine innspel om kva dei meiner er viktigast å tenka på for å skapa det «gode liv».

«Det gode liv», er eit gjennomgåande tema i planarbeidet. Det heng tett saman med visjonen *Vilje til vekst – ein god stad å bu*, og vil vera styrande for tankane om, og arbeidet rundt dei strategiska vala frå planstrategien.

Dei tema som kommunen ønskjer å drøfta særskilt i planforum er følgjande:

- Strandsonedeforvaltning – avklaring på kva vi kan opna for og korleis vi skal gjera arbeidet
- Akvakultur – tilrettelegging for næringa sine behov og plankravet
- Busetnad – fortetting vs. spreidd utbygging. Nasjonale forventingar er at vi skal auka konsentrasjonen rundt trafikkknutepunkta og i sentrale strøk, men korleis skal vi sikra at det er god utvikling i heile kommunen som har eit så historisk omfattande spreidd busetnadsmønster? Her vil det vera viktig å avklara kva som skal til for å sikra fortsett moglegheit til spreidd busetnad, særskilt der det allereie er bygd ut. Korleis skal vi vurdere dei LNF-spreidd-områda som allereie ligg i kommuneplanen i dag?
- Klima – utfordringar med aktiv klimapolitikk med forventingar om auka fortetting, i ein spreidd utbygd kommune som har omfattande gjennomgangstrafikk (E39).
- Samferdsle – ny E39. Kva er status og løysingar for trasé?
- Tilrettelegging for stadbunden næring – reiseliv, turisme og oppleving. Korleis visa dette i planen og samtidig sikra at alle som ønskjer slik næringsutvikling kan få til noko?

Utgangspunktet for kommuneplanarbeidet er å fina løysingar for å sikra framleis utvikling. Det er viktig at vi kan opna for utbygging og nyskaping som vi er tente med og som skapar attraktivitet og tilflytting.